

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat frå soknerådsmøte nr 06/2025

Dato/tid: onsdag 03. September 2025, kl. 19:30-20.50

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Desse møtte: Trygve B Myrlid, Ingebjørg P Grøtt, Sveinung Toreid, Maria E Sørheim og Eli G Torsnes

Forfall : Ida Sofie Holmen og Arne Opsahl-Engen

Vara : Ingen av vararepresentantane hadde høve til å møta.

Saksliste

34/2025	Godkjenning av saksliste og innkalling – Innkallinga og saklista vart godkjent.
35/2025	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 05/2025- Referatet frå møtet 05/2025 vart gjennomgått og godkjent.
36/2025	Opplegg for kyrkjekaffi / liste for kyrkjevertar- Lista over kyrkjevertar vart korrigert og det vart bestemt kva sundagar me skal ha kyrkjekaffi hausten 2025. Det vart avtala praktiske endringar i organisering av kyrkjekaffien. Sveinung og Maria skal rydda på rommet der det vert koft kaffi mm i samband med kyrkjekaffi. Trygve sender ut påminning til kyrkjevertane om oppmøte kl.10.15 og til dei som får ansvar for kyrkjekaffi denne hausten.
37/2025	Konfirmantjubileum for 50-års jubilantane- Av dei 13 inviterte 50-årsjubilantane er det berre tre som har takka ja. Markeringa på Jondal bedehus vert avlyst, men "gullkonfirmantane" er framleis inviterte til markeringa under gudstenesta 21.september 2025. Det vert kyrkjekaffi etter gudstenesta denne dagen.

38/2025	Lydsystem i kyrkja – innsending av søknad om støtte til Sparebankstiftinga- Trygve har laga framlegg til vedlegget som skal følgja søknaden til Sparebankstiftinga. Han skal informera Arne om dette og leggja til eventuelle merknadar frå Arne. Soknerådet gjev Trygve fullmakt til å ferdigstilla og senda søknaden frå Jondal Sokneråd. Om søknaden vert innvilga, får Trygve fullmakt til å kontakta Arild B Nielsen og få arbeidet utført.
39/2025	Eventuelt- Jondal sokneråd har fått kr.18 096,- frå den nedlagde sundagsskulen på Kysnesstrand. Midlane skal nyttast til kyrkjelydsarbeidet. - Det er viktig å få på plass vikar for kyrkjegardsarbeidaren. Trygve skal ta saka opp med kyrkjeverga. - “Verdens dagen for psykisk helse” - Ingebjørg kontaktar Arne om korleis planlegginga av dette arrangementet går. - Møte i Fellesrådet 22.09.2025 vert i Jondal. No når Maria er attende etter permisjonen, stiller ho på møtet.

Møtet heva kl. 20.50

Torsnes 04.09.2025

Eli Galtung Torsnes

Referent